



TIL HEIMANE

OM KJØRING AV ELEVAR TIL SKULEN

SU = samarbeidsutvalet ved skulen hadde møte på måndag 7. SU ber FAU om å sende ut skriv til alle heimane om levering av ungar på skulen. Nå har FAU = foreldrearbeidsutvalet, blitt einige om at dette skrivet skal ut til dykk alle.

Oppe i sjølve skulegarden er det parkering for tilsette. I den travle tida frå 0800-0830 er det viktig at me foreldre ikkje okkuperer parkeringsplassane for dei tilsette som skal nå sine timar på skulen. Her er det og levering, som kjem i første økt, men om då bilane står vanskeleg parkert, blir levering av t.d. mjølk veldig vanskeleg.

*I utgangspunktet bør ungane gå eller sykle til skulen. Men når foreldre/føresette må kjøre ungane til skulen, skal dei sleppe av ungane nede i busslomma og kjøre igjen. Ungane våre klare fint å gå opp til skulen sjølv herifrå. Det er veldig viktig å følgje med på kor alle ungane er, for dei myldrar inn til skulen i denne tida. Det kjem og skulebuss og leverer ungar - så det er ei veldig travel tid. Dei mjuke trafikantane har førsteretten, **KJØR VELDIG FORSIKTIG**. Pass på å kjøre så langt fram du kan, slik at det blir plass til andre og.*

*Det er ikkje lov å parkere og forlate bilen i busslomma. (Om du **MÅ** kjøre og følgje barnet ditt inn ein periode, er det viktig at du tek skikkelig omsyn til elevar og tilsette.)*

Helsing FAU ved Engelsvoll skule